

## Møtereferat

Dato: 12.03.2019

Emne:	<b>Regionalt planforum 20.02.2018 - referat, Kommunedelplan Skogsskiftet og Reguleringsplan Skogsskiftet sentrum i Sund kommune</b>	
Til stades:	Sund kommune: Kari-Anne Landro, Ole-Karsten Midtgård, Svein Otto Jacobsen, Mona Rabben Multiconsult: Lise Marie Laskemoen, Torunn Åsheim HFK: Ambjørng Reinsos, Endre Sten Nilsen, Gunhild Raddum, Eva Katrine R. Taule, Liz Eva Tøllefsen, Hanne Espe, Inge Edvardsen, Arve Aasland, Cathrine Grasdal FM: Arve Meidell, Frida Halland SVV: Sigmund Bødal,	
		Sak:
Møtetid:	12.03.2019 kl 1000 - 1300	Møtestad: Fylkeshuset, møterom Sunnhordland

**Møteleiar: Eva Katrine Taule**  
**Referent: Cathrine Grasdal**

### **Rullering av KDP for Skogsskiftet og detaljregulering av Skogsskiftet sentrum i Sund og Fjell kommunar.**

Eva Katrine R. Taule, fagleiar kommunale planar og konstituert plansjef i Hordaland fylkeskommune, ønskte velkomen og leia møtet. Kort presentasjonsrunde.

#### **Presentasjon**

Ordfører i Sund innleidde om bakgrunn for desse to planarbeida. Gjeldande KDP blei fort utdatert, og ein såg trong for rullering. Skogsskifte har festa seg som lokalsenter, og ein ønskjer fortetting her. Busettingsstrukturen er endra, fleire grupper vil til sentera, m.a. eldre som vil nærmare tenestetilbod. Ein ønskjer også ei samanbinding mellom skuleområdet og sentrum. Planprogrammet for KDP har vore på høyring og er vedteke. HFK har gjeve fråsegn, men har ikkje motteke vedtatt planprogram. Sund sender snarleg. Ein arbeider no med planframlegg. Det blei varsla oppstart for detaljregulering av Skogsskiftet sentrum i 08.10.18, og denne planen er no i produksjon.

Multiconsult presenterer planarbeidet så langt, der ein arbeider fram sjølvstendige plankart og føresegner for KDP og detaljregulering, men med felles planskildring.

Gjennom KDP vil ein syte for god utvikling, og å betre planverket som styringsverktøy. I detaljreguleringa for Skogsskiftet ønskjer ein å legge til rette for gode sentrumsfunksjonar og kvalitetar, ikkje berre handel og transport. Samstundes vurderer ein om/korleis det kan vere mogeleg å redusere handelslekkasje, som for Sund er stor. Innspel frå private aktørar er m.a. nytt kvartal med 4483 kvm handel, og noko areal i andre bygg (daglegvare, Europris?) Sund Senter har òg kome med eit forslag om utvikling av handlesenterfunksjonar i Skogsskiftet. Ein arbeider med handelsanalyse etter HFK sin mal.

Vegplanen eit viktig premiss, særleg for utviklinga av Skogsskiftet som senter. Nokre av løysingane (av- og påkjørsle på høgre side) er noko utfordrande for utviklinga av eit dynamisk og levande senter. Når det elles gjeld kollektiv og mobilitet, så tek kollektivterminalen mykje areal sentralt i Skogsskiftet slik han ligg no.

Ein ser no på 4 alternativ for framtidig kollektivterminal. Mellom anna ei kollektivgate i Grønnebakksvegen. Multiconsult vurderer at bussar og stopp kan verte litt for dominerande med ei slik løysing i eit areal ein også tenkjer som miljøgate. Ein ser at bussterminalen er viktig, men plasskrevjande.

I planarbeidet så langt, har ein arbeidd mykje med mobilitet. Gange og sykkel har relativt gode løysingar pt, men med noko forbettringspotensiale rundt Skogsskiftet. Det er elles fleire fine område i Skogsskiftet og gode kvalitetar å bygge vidare på, men slik det er no manglar aktivitet og bruk. Sund ønskjer å bygge vidare på desse kvalitetane, utvikle blå og grøn tursti i to sløyfer med mogeleg kopling. Elles på stadutvikling: Multiconsult har laga eit forslag/førebels skisse med nokre forslag til arealavklaring i Skogsskiftet. Trinnvis utbygging er ei føresetnad.

### **Dialog med utgangspunkt i Sund kommune sine spørsmål frå kap. 9 i notat**

Rullering av KDP er hovudsakleg føresett av at planen treng oppdatering i følge ny PBL. Det er elles ikkje så store utfordringar i dette arbeidet.

**Kulturminne:** Når det gjeld vegen gjennom Skoge må kulturminneplanen koplast på. Særleg med omsyn til nyare kulturminne ser ein bussterminalen som identitetsskapande og verdifull, og eit element det er viktig å bygge vidare på. Ein må elles vidareføre omsynssone frå KDP til reguleringsplan. Ein må nytta Sund kommune sin kulturminneplan også i arbeidet med KDP, og markere alle automatisk freda kulturminne med omsynssone H730 i plankartet. Omsynssona for Kvalvågen som ligg i kommuneplanen må også vidareførast til kommunedelplanen.

**Forhold SSB og Statistikk i Vest,** stort sprik mellom prognosane. Statistikk i Vest er nedjustert og meir oppdatert. SSB har også justert ned, men ikkje så mykje. HFK skal ta kontakt med seksjon for Forsking, internasjonalisering og analyse, og finne grunngeving for tala som er brukt her.

**Samferdsel og kollektivterminal:** Godt fungerande og estetisk god kollektivterminal på Skogsskiftet. Når det gjeld (natt-)oppstillingsplass går det eigen prosess for dette. HFK transportseksjonen og Skyss, saman med Sund, har vore i møte, mellom anna om nattparkering. HFK er einig med kommunen sitt forslag til terminal ut mot fylkesvegen. Innfartsparkering er ein del av kollektivreise, og HFK leiger innfartsparkeringsplassar no. Ein har og diskutert om innfartsparkering må ligge i senteret, eller om ein kan knyte han til kollektivstopp meir i periferet, t.d. knytt til stopp ved Rema1000. Dette kan kanskje organiserast betre. Kva areal krevs? 54 plassar i dag. Omlag 50% med oblat (Skyssabonnement) i dag. Ein bør komme opp i 90%. Ein vil også løyse dagparkering på sikt. For terminalen har ein lagt til grunn 6 bussplassar etter dialog med Skyss. Korleis vil det vere vidare prosess med Skyss? Ta eit ekstra møte, for tidleg avklaring knytt til realisme og t.d. makebyte. Samferdselsavdelinga lager eit møte med Sund, kollektiv og innfartsparkering.

**Når det gjeld tettstadsutvikling** –fylkesvegen (555) er ein viktig tilkomst til lokalsenteret. Ein legg opp til at svært mykje areal langs vegen skal bli for parkering/bil/kollektiv, og dette skaper ikkje ein god invitasjon inn. Kan ein vurdere å legge fleire funksjonar inn her, t.d. over ein ny terminal ved Fv 555? Kan også fungere skjermende for støy og bidra til attraktivitet. Kommunen ser ut til å ha ein god strategi for eit tett og kompakt sentrum. Ein legg vekt på turgåarar, tilkomst til idrettshall, handel, pendlarar, og anna aktivitet som nyttar parkering. Kan ein på nokon måte samordne desse parkeringsbehova betre, og vurdere meir kompakt løysing?

**Finansiering** av vegen er ikkje på plass, peikar SVV på. Det kan være eit langt tidsperspektiv før ny veg er etablert. Kommunen er bevisst problemstillingar knytt til dette, men ny veg må takast høgd for i planarbeidet.

Handelsanalysen vil sjå på heile kommunen, men her er tyngda i Skogsskiftet. Multiconsult vil gjerne koplast med planseksjonen om handelsanalyse. Det som er lagt til grunn i notatet frå Sund/Multiconsult, ser ut til å vere på rett nivå og i tråd med regionale planar.

**Møteplassar og uterom** i Skogsskiftet. Nytt kulturhus er ikkje aktuelt. På medvirkningsmøtet etterlyste både ungdomsråd og eldreråd møteplassar. Ein vil sjå på utvikling av biblioteket, og ev. det kommunale aktivitetssenteret. Det er lite aktivitet og liv i Skogsskiftet på kveldstid. Eit innspel til detaljreguleringa inneber eit grep med heva lokk over parkering midt i senteret. Kor offentleg/privat blir dette? I utviklinga av sentrum kan ein sjå på samspel mellom private, halvprivate, offentlege uterom. Med tanke på folkehelse, har ein eit godt utgangspunkt for vidare utvikling i Skogsskiftet, med fokus på m.a. idrett og samarbeid med bibliotek. For å få liv i sentrum må ein sjå på nettopp dette - tida ein ikkje er opptatt med jobb, handel og kjøring. Dei små møteplassane og koplingane/vegane er viktige. Tenk stopp på vegen i forflyttingsområda. Få raskt på plass og etablert dei (små) gode kvalitetane, og slik vise at her skal ein gå/bevege seg og bu. Rundløyper, som ein vil legge opp til, er eit svært godt grep.

No kjører foreldre barn og unge til fotballbana eller idrettshallen. Kommunen og HFK peiker begge på at å knyte saman skuleområdet og senteret er viktig. Kommunale el-syklar eit alternativ for t.d. ungdommar som kjem med buss til Skogsskiftet sentrum, men som skal til idrettshallen lenger søraust.

**Bustader i Skogsskiftet:** Kommunen ser på i kva grad det er mogeleg og tenleg å knyte utkant av Hammarsland og Skogsskjenet tettare til Skogsskiftet for gåande og syklande. Bru over vegen ved Skogsskiftet mot Hammarsland blir nemnt. Det er ein god del syklande og gåande i området rundt Skogsskiftet. Ein vil ikkje legge opp til fleire bustader, men prioritere fortetting i sentrumsområdet. Noko areal vil frigjerast ved at bussoppstillingsplass blir flytta saman med brannstasjonen ut av sentrum.

Når det gjeld bustadtypologi speler HFK inn at tett og lavt er ein typologi som ofte er bra i slike sentrumsområde. Ein kan spandere på seg å gje bygga større fotavtrykk og ha tette og mindre uterom. Tett og lavt bidreg også til lunt og lyst. Felles uteopphaldsareal på tak kan også fungere bra her.

Kommunen ønskjer å ta vare på private initiativ til utvikling av sentrum, og kommunen har god dialog med fleire slike initiativtakarar i prosessen.

Oppsummerande kommentarar:

Planforum ser mange gode intensjonar for kommande planframlegg.

Landskap i plan – her ligg gode analyser, og t.d. vern av landskapet over kote 70. T.d. er det tema som samvirke mellom næring/industri og bustad, krimførebygging og dessutan sjå på vern av sårbare objekt i sentrum. SVV – fleire gode grep for god sentrumsutvikling. Fokus på mjuke trafikkantar – her er mykje godt arbeid knytt til mobilitet.